

# Smed-Torkjel og sonen hans

*Fra Årbok for Valdres 1968, av Mikjel Sørлие*

Smed-Torkjel var ein mann som levde i Hedalen for meir enn hundre år sidan. Han var ein utifrå dugande smed, ein rein meistersmed. Det fortelst om han at da han vart utkommandert under ufreden med Sverige i 1808, tok han med seg litt smiereidskap og ein liten handbelg til å puste i avlen med. Denne reidskapen skulle han få god bruk for. Ein gong under frammarsj i ulende rauk akselen på ei tross-vogn. Det var eit leitt uhell, for vogna var umissande, og regimentsmeden trudde seg ikkje til å reparere akselen. Men da han Smed-Torkjel fekk høre det, drog'n på smilen og sa: "Je kunne nå prøve å sveise'n att". Og dermed kom han med reidskapen sin, pusta opp ein god varme med handbelgen og elda akselendane godt opp; og så sveiste han dei i hop på ein stein – til stor undring for dei som såg på.

Etter dette meisterstykket sitt vart han namnspurd, ikkje berre i sitt eige kompani, men og vidare. Han fekk tilbod om å bli regimentsmed, men sa nei til det.

Ein dag fekk han lov å reise heim, han skulle få orlov ei viss tid. Og glad var han sjølv sagt for at han slapp heimatt til kjerring og ungar. Men han var ikkje før komen heim, så kom det bod frå prinsen, Christian August, at han måtte koma attende på flygande rappet og sko hesten hans! Prinsen hadde nyleg fått seg ein uvanleg gild og sprek hest, men ingen av stallkarane til prinsen greidde å sko hesten, og ingen annan heller, slikt tøyte var det i han. Når dei kom inntil hesten og ville sko han, slo og beit han så det var rein livsfare. Prinsen var ille ute, men så fotalde dei han om'n Smed-Torkjel, kor hendig ein smed han var; dei trudde han måtte kunna sko hesten. Med eitt vart det da sendt bod etter'n Smed-Torkjel. Han Smed-Torkjel kom, men sint var han. Hesten vart så leidd fram for han, og ein svein skulle hjelpe til med skoinga. Han Torkjel tok hesten, la tre plagg på'n og bad skosveinen lette opp den eine hestefoten så dei kunne taka til. Sveinen kvidde seg, han torde ikkje. "Ta opp foten, si je", ropte'n Torkjel. Sveinen skalv i redsle, både for hesten og for'n Torkjel, men vågde ikkje å ta foten. "Ta opp foten, helles kløyver je huggu på deg!" skreik'n Smed-Torkjel og lette hammar'n mot han. Han kokte av sinne. Da torde guten ikkje mukke lenger og vågde seg bort-i hestefoten. Og han lyfte den eine, og så den andre, den tredje og fjerde med, og Smed-Torkjel skodde. Hesten letta ikkje på øyra eingong, og stod roleg som vøre han ein gammal utslitin skottgamp. Så da'n Torkjell var ferdig, tok han guten og heiv han opp på hesteryggen. "Ri sko-skeidet, gut!" sa han stutt og hardt. Og guten reid av stad i tanande renn; "men fløytere og bausere hest sku' du alder ha sett", sa Smed-Torkjel.

Smed-Torkjel fekk 5 daler av prinsen for arbeidet sitt, - av "fillepengane", som dei sa. Det var setlar, og kallast visst så av di dei var gjort av lereft.

Det var mange som meinte at'n Torkjel ikkje var så einfeld, han hadde kjennskap til svartkonsta, trudde dei. At han la tre plagg på prinsehesten før han skodde'n kunne tyde på noko av kvart. Men noko visst prov hadde ikkje folk. Det vi kan seia om han, er at han må ha vori ein uvvanleg hag og hendig kar. – Som smed var han vidkjend. Var det noko sær sars vanskeleg smiearbeid som skulle gjerast, laut ein gå til han Smed-Torkjel.

Han var særleg kjend for at han gjorde solide og sikre *lås*. Han kunne ta opp kva for lås det skulle vera, men dei låsa han gjorde, tok ingen opp. ”Vøre je tjuv, vørte je ein farleg tjuv”, brukte han å seia. – På Godvass-skaret, ei seter i Hedalen, vart det støli høy til kvar vår, det hjelpte ikkje kva slags lås dei brukte. Men så fekk dei han Smed-Torkjel til å gjera lås på lyua der, og sidan fekk dei ha høyet sitt i fred.

I sine eldre dagar sett'n Smed-Torkjel seg opp ei kvern ved Jørønby-brua, ved fossen der. Og den dreiv han om vintrane. Attmed kverna hadde han sjølv sagt ei smie, som hadde sett opp av berre gråstein. På den andre sida av elva hadde han gravi seg inn i jordbakken og laga seg ei hytte som han låg i når han var ved kverna. Her i denne hytta treivst han som ein bjørn i hiet. Fall det seg så, hogg han gjerne eit høl på isen nedunder fossen og meitte seg ein fisk, midtvinters. – Det som er fortalt her, skreiv eg opp etter min bestefar på Sørлие for vel 50 år sidan. Han var den gongen i 75 års-alderen og hugsa Smed-Torkjel godt. Sidan har Jørgen Bergsrud, som nå er over 80 år og veit så mykje om det gamle Hedalen, fortalt meg at Smed-Torkjel - eller Torkjell Tomassen – og kona hans, Sigrid, var komne til Hedalen frå Ådalen i ung alder. Dei fekk i 1812 kjøpt Gjermundsplassen (som vart skyldsett unna Søre Lie) og budde der seinare; men alt i 1828 selde dei garden til sønene Ole og Tore og tok livare. Ole overtok snart bruket åleine. Han var og ein meistersmed, likesom faren, og vart kalla ”Smed-guten”. Etter han og faren vart garden heitande Smedplassen, og blir gjerne kalla slik den dag i dag. Ole hadde smia si nede ved Huhølen i Vesleelva og nytta vasskrafta frå fossen der til å drive smieboren med. Han kunne bora borsepiper, smi økser og laga bjøller. ”Smedgut-bjøllene” var namngjetne. Jørgen Bergsrud opplyser at Smedguten også var kjørkjetenar, og det vart sagt at han hjelpte ein engelskmann med å skjera eit stykke ut-or drakeskurden på kjørkjeportalen i Hedalen. Der vart det sidan felt inn eit firkanta trestykke, som ein ser på venstre sida av portalen.

Redaksjonen føyer til:

I Gard og bygd i Sør-Aurdal, b. D, s. 301, kan vi lesa: ”I 1812 kjøpte Torkjell Tåmåssen Gjermundsplassen av eierne av de to Li-gardene. Torkjell eide Fekjarbrenna 1806-09. Han er nevnt på Liseie i 1810, og var vel da kommet til Germundsplassen. Torkjell Tåmåssen var f ca. 1783 og d 1848, g 1. 1806 m Siri Toresdatter Elsrud fra Ådalen.”

Som det går fram av første kapittel, var Torkjell ein av Hedalens 15 ”krigsmænd 1808-1814”, og namnet hans er å finne på bautaen der det kvar 17. mai vert lagt ned ein krans.



*Detalj av kjørkjeportalen*



*Bautaen*



*Smedplassen i dag*